Vågå kommune

# Områderegulering Vågåmo

Oppsummering og vurdering av innspel i samband med varsel om oppstart og høyring av planprogram



# Innleiing

Varsel om oppstart og høyring av planprogram vart sendt ut med brev datert 29.06.23. Frist for innspel/merknader til planprogrammet og planarbeidet var sett til 8. september. I samband med høyringa melde NVE inn behov for justering av plangrensa. Varsel om endra plangrense vart sendt ved brev datert 07.09.23 med frist for merknader og innspel til utvidinga av planområdet 29. september.

I samband med oppstart av områdereguleringsplan Vågåmo og høyring av planprogram og dessutan utviding av plangrense, er det kome inn merknader. Nedanfor følgjer ei liste over dei innspela som er mottekne.

Desse er i det følgjande oppsummerte og vurderte. Innspela følgjer òg vedlagt i sin heilskap.

# Innhald

**1 Oppsummering og vurdering av innspel 5**
1.1 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, brev datert 26.07.23 5
1.2 Statnett, brev datert 17.08.23 5
1.3 Statens vegvesen, brev datert 23.08.23 og 21.09.23 7
1.4 Steinar Aasgaard, brev datert 30.08.23 8
1.5 Øystein Gården, brev datert 30.08.23 8
1.6 Vanglandet båtforening, innspill/spørsmål til møtet mandag 28. august 9
1.7 Mattilsynet, brev datert 31.08.23 og 26.09.23 9
1.8 NVE v/ Flaumsikringsprosjekt, e-post datert 01.09.23 10
1.9 Olav Melhus, brev datert 06.09.23 11
1.10 Ruth Berg, Reidar Berg, Anne Silje Berg og Øyvind Sødal, brev datert 07.09.23 12
1.11 Brun Bygg, brev datert 07.09.23 12
1.12 Astrid Sørbu Mølmen, brev datert 11.09.23 13
1.13 NVE, brev datert 12.09.23 14
1.14 Innlandet fylkeskommune v/Samfunnsutvikling, brev datert 12.09.23 og 26.09.23 15
1.15 Innlandet fylkeskommune v/kultur-Arkeologi, brev datert 14.09.23 18
1.16 Naturvernforbundet og BirdLife, brev datert 17.09.23 20
1.17 Dag Inge Bakke og Rønnaug Stjernvang, brev datert 29.09.23 22
1.18 Statsforvalteren i Innlandet, brev datert 29.09.23 22

# 1 Oppsummering og vurdering av innspel

## 1.1 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, brev datert 26.07.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| DMF deltok på regionalt planforum 22.03.2023. Her informerte vi om at planområdet røyrer ved sand- og grusførekomsten Vågåmovifta1 ifølgje Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase. NGU har vurdert førekomsten til å ha liten betyding som byggeråstoff. Dette kjem fram i planprogrammet i kapittel 4.1.2. Planen må omtale korleis tiltaka vil påverke tilgangen til mineralressursane, enten i konsekvensutgreiinga eller i planomtala. Planområdet røyrer også ved ein del av ein undersøkingsrett tildelt Kuniko Norge AS. Rettshavarane bør bli informert om planarbeidet. | Det kjem fram av planprogrammet at elvevifta som Vågåmo ligg på er ei registeret grusavsetting som er av lita betydning og til dels nedbygd. Påverknaden av tiltaka på tilgangen til mineralressursar blir klargjord i planarbeidet.<br><br>Kuniko Noreg er varsla ved brev av 01.08.23. |
| Massehandsaming er omtala i kapittel 1.4.1 i planprogrammet. Det forventast at planlagd flaumsikring vil føre til ei utstrekt handtering og transport av massar, og at kvalitet av overskotsmassar skal avklarast i samband med planarbeidet.<br><br>Bruk av overskotsmassar til samfunnsnyttige formål, framfor at dei leggjast i permanent deponi, er eit viktig ledd i ei meir berekraftig mineralressursforvaltning og er i tråd med dei nye nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging (2023–2027). | I samband med planarbeidet blir det jobba med å sjå på aktuelle område for bruk av tunnelmassar. Bruk av overskotsmassar blir mellom anna vurdert opp mot behov og ønske i forhold til landbruksareal. Kvaliteten på massane vil bli kartlagt og vurdert opp mot aktuell bruk. |

## 1.2 Statnett, brev datert 17.08.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Statnett har særskilt anleggskonsesjon etter energiloven for transmisjonsnettanlegg i Vågå kommune. Dette innebærer at Statnett eier og drifter følgende anlegg i kommunen.<br>- Vågåmo transformatorstasjon<br>- 132 kV – Ledningen Vågåmo – Osbu<br>- 300 kV – Ledningen Aura – Vågåmo<br>- 300 kV – Ledningen Øvre Vinstra - Vågåmo<br><br>Vedlagt fulgte et oversiktskart over anleggene.<br><br>På denne bakgrunn gjør vi oppmerksom på at det innenfor planområdet må tas hensyn til de anlegg som er nødvendig for Statnett å drifte. | Reguleringsplanen vil ta omsyn til dei anlegga som er nødvendig for Statnett å drifta. |

| | |
|---|---|
| Statnett har følgende merknader:<br><br>**Felles for elektriske anlegg - inntegning i plankart**<br>Planområdet berøres av eksisterende 300 kV transmisjonsnettledning. Transmisjonsnettledningen er bygget og drives i medhold av særskilt anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE), jf energilovens § 3-1 første ledd. Anlegg bygget i medhold av anleggskonsesjon er i all hovedsak unntatt fra Plan- og bygningslovens regler, og for slike anlegg kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Utgangspunktet er derfor at slike transmisjonsnettledninger og transformatorstasjoner i en reguleringsplan ikke skal inntegnes som ett planformål, men innarbeides i plankartet som hensynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter Energiloven) og tilhørende reguleringsbestemmelser (pbl §§ 11-8 d) /12-6). Statnett ber om at følgende reguleringsbestemmelse knyttet opp mot hensynssonen for transmisjonsnettanleggene: *Det er ikke tillatt med ny bebyggelse innenfor henynssonen og alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innenfor hensynssonen skal på forhånd avklares med ledningseier.* | Transformasjonsanlegga blir innarbeidde i plankartet som omsynssone med SOSI-kode H740 (bandlegging etter Energiloven) og tilhøyrande reguleringsføresegner (pbl § 12-6).<br><br>Følgjande planregel blir knytt til formålet:<br>*Det er ikkje tillate med ny busetnad innanfor omsynssona og alle tiltak i terrenget og anleggsarbeid innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leidningseigar.* |
| Hensynssonen bør være identisk med ledningsanleggets byggeforbudsbelte. Byggeforbudsbelte langs denne transmisjonsnettledningen er totalt 40 meter, 20 meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen. Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til Statnetts anlegg. | Omsynssona blir innarbeidd med total breidd på 40 meter. |
| Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg. | Blir teke til etterretning. |
| **Anleggsarbeid nært høyspentanlegg – 30 meters varslingsgrense**<br>Anleggsarbeid nært spenningssatte anlegg må skje på en måte som ikke gir fare for Statnetts ledninger eller skade på personell, maskiner og utstyr. I tillegg til byggeforbudsbeltet er det en varslingsavstand på 30 meter det fra ytterste strømførende fase på ledningen.<br><br>Statnett som ledningseier skal derfor kontaktes minst 6 uker før planlagt oppstart av arbeid med anleggsmaskiner i en horisontal avstand nærmere enn 30 meter fra ytterste strømførende line. Det samme gjelder dersom det skal gjennomføres sprengningsarbeider eller gravearbeider mv som kan gi risiko for å påføre overføringsanlegget skade eller gi skade på tiltakshaver eller utstyr. Det vil da være nødvendig med befaring og nærmere avtale om aktuelle sikkerhetstiltak.<br><br>Vi viser ellers til veiledning på Statnett sin hjemmeside https://www.statnett.no/om-statnett/vart-hms-arbeid/arbeid-nar-hoyspentanlegg/ samt publikasjonen "Anleggsmaskiner og elektriske anlegg" som finnes der. | Følgjande tekst blir innarbeidd i reguleringsføresegnene:<br>*I tillegg til byggjeforbodbeltet er det ein varslingsavstand på 30 meter frå ytste strømførende fase på leidningen. Statnett som leidningseigar skal kontaktast minst 6 veker før planlagd oppstart av arbeid med anleggsmaskiner i ein horisontal avstand nærare enn 30 meter frå ytste straumførande line. Det same gjeld dersom det skal gjennomførast sprengingsarbeid eller gravearbeid mv som kan gi risiko for å påføra overføringsanlegget skade eller gi skade på tiltakshavar eller utstyr.* |

| | |
|---|---|
| Statnett ber om at den sistnevnte publikasjonen følger det videre planarbeidet da denne illustrerer grunnlaget for vårt HMS-arbeid ved ledninger som er spenningssatt.<br><br>Når det gjelder ROS-analyse ber vi om at denne gjennomføres med hensyn til transmisjonsnettet som kritisk infrastruktur både med hensyn til ferdig bygget anlegg og med hensyn til anleggsgjennomføring.<br><br>Statnett ber om å være høringspart i det videre planarbeidet. | Blir teke til etterretning.<br><br>Dette blir opp følgt i det vidare i arbeidet med ROS-analyse.<br>Statnett er høyringspart òg i det vidare planarbeidet. |

## 1.3 Statens vegvesen, brev datert 23.08.23 og 21.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Vi uttaler oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima og miljøhensyn og heilheitleg bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gjev oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.<br><br>**Vårt innspel til planarbeidet:**<br><br>SENTRUMSUTVIKLING: Det går fram av saka at stedsutviklingsprosjekt med masterplan blir lagt til grunn for vidare arbeid med utvikling av Vågåmo. Vi støttar det – her er det gjort ein grundig gjennomgang av framtidig arealbruk. Konkrete tiltak må avklarast vidare gjennom detaljreguleringar.<br><br>FLAUMSIKRING: For Statens vegvesen er det viktig å ivareta omsynet til riksveg 15. Det betyr at flaumvegar må sikrast heilt ned til riksvegen og at flaumsikringstiltak som berører rv. 15 må vera godkjende av vegeigar (vegvesenet). Konsekvensar for rv. 15 må omtalast i planbeskrivelsen og nødvendige tiltak for flaumsikring må innarbeidast i planforslaget. Tiltaka som planleggast må ikkje føre til skade på rv. 15. Tilstrekkeleg kapasitet i kulvertar/stikkrenner under rv. 15 må ivaretakast. Det må gjerast vurdering av ev. konsekvensar for rv. 15 og bruene (05-1777 Finnoset, 05- 1776 Nugga nedre og 05-1280 Sunde bru). Det må ikkje utførast tiltak under eller nær bruene som kan påvirke bruene si bæreevne eller sikkerheit negativt. Vi ynsker å bli involvert i vurderingar som blir gjort mhp bruene på rv. 15 og tiltak som kan påverke desse.<br><br>DETALJREGULERING: Vi støttar forslaget om at akutte tiltak for forebygging av flaum kan gjennomførast utan detaljregulering. Ein må likevel gjera nødvendige avklaringar med berørte, m.a. | Hovudtrekk frå masterplan blir innarbeidd i områdeplanen for å gi føringar for ønskt utvikling. For utviklingsområde blir det stilt krav om detaljregulering.<br><br>I det vidare arbeidet blir konsekvensane av flaumsikringstiltaka vurderte. Det er naturleg å involvera Statens vegvesen på eit tidleg tidspunkt der ein ser at flaumsikringstiltak kjem i berøring med bruer på rv. 15 eller dersom tiltaka påverkar desse.<br><br>Sikringsprosjektet avklarar dimensjoneringsgrunnlaget for eksisterande bruer. Det kan vere behov for tiltak der bruene ev. er underdimensjonerte eller feildimensjonerte og dette påverkar moglegeita for ei helheitleg sikring av Vågåmo.<br><br>Områdereguleringsplanen skal, for sikringstiltaka, ha eit detaljeringsnivå som direkte heimlar byggjeløyve |

| | |
|---|---|
| statlege og fylkeskommunale myndigheiter. Alle andre tiltak må fylgje plan- og bygningslova sine krav om detaljregulering.<br><br>**Tilbakemelding vedrørende endret plangrense**<br>Statens vegvesen har ingen merknad til at området for denne reguleringsplanen blir utvida. Utvidinga har ingen verknad for våre interesser. Vi viser elles til vår uttale til reguleringsplanen ved varsel om oppstart (dat. 23.08.23). | og gjennomføring av tiltak utan krav om detaljregulering. For andre område kan det vere nødvendig å setje krav om detaljregulering. Særleg gjeld dette utviklingsområde.<br><br>Blir teke til etterretning. |

## 1.4 Steinar Aasgaard, brev datert 30.08.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| **Kræmarsandbu, gnr/bnr 17/1**<br>Garden ligger innenfor plangrensa. I følge forslag til planprogram er det omfattende planar og tiltak som skal væra aktuelle på eigedommen. Siden forslag til tiltak er såpass omfattande har han eit ønske om eit møte med forslagstillar og med rådgjevarar i NVE og NGI så tidleg som mogleg i planprosessen. | Det blir fortløpande arrangert opne kontordagar der både Vågå kommune og NVE deltek. Det blir på open kontordag sett av særskild tid til Aasgaard som ei oppfølging av denne merknaden. |

## 1.5 Øystein Gården, brev datert 30.08.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Haugamoen gnr./bnr. 66/37, 66/328 og Vågåvatnet Feriesenter gnr/bnr. 66/8.<br><br>Haugamoen og Vågåvatnet Feriesenter ligg innanfor plangrensa. I følgje forslag til planprogram er det omfattande planar og tiltak som kan væra aktuelle på min eigedom.<br><br>Sidan forslag til tiltak er såpass omfattande, har eg problem med å uttrykje mine innspel i denne høyringa. Eg ønskjer difor eit møte med forslagstillar og med rådgjevarar i NVE og NGI så tidleg som mogleg i planprosessen. | Det blir fortløpande arrangert opne kontordagar der både Vågå kommune og NVE deltek. Det blir på open kontordag sett av særskild tid til Gården som ei oppfølging av denne merknaden. |

## 1.6 Vanglandet båtforening, innspill/spørsmål til møtet mandag 28. august

| Merknad | Vurderingar |
| --- | --- |
| • Utvidelse med en molo til.<br>• Forlengelse av eksisterende molo.<br>• Felles område for bading i vanglandet.<br>• Det er behov for utvidelse av bryggeanlegget.( tegne inn denne i en Fremtidig plan.)<br>• Hvordan blir det ved en evt. oppstart ? Blir det anleggsområdet i vanglandet ?<br>• Evt. hvor lang blir anleggsperioden ? Blir bryggeanlegget berørt ?<br>• Kan bryggeanlegget brukes under en evt. anleggsperiode.<br>• Badstua ?<br>• Fremtidig arealbehov.(Kommer på en skisse før 8. september.)<br>• Behov for masse | Det blir fortløpande arrangert opne kontordagar der både Vågå kommune og NVE deltek. Det blir sett av særskild tid på open kontordag til Vanglandet båtforening som ei oppfølging av denne merknaden. Uttalen er notert som eit innspel til planarbeidet. |

## 1.7 Mattilsynet, brev datert 31.08.23 og 26.09.23

| Merknad | Vurderingar |
| --- | --- |
| Mattilsynet er sektormyndighet for plantehelse, fiskehelse- velferd, dyrehelse- og velferd, mat og drikkevann. | |
| **Drikkevann**<br>I planprogrammet står det at Vågåmo vannverk bør sikres ved bygging av flomvoll eller separate tiltak for kritiske deler av vannverkbygget med nivåheving av sårbare installasjoner i tre brønnhus. Mattilsynet synes det er positivt at det blir utført tiltak med flomsikring. Det er viktig at det blir tatt hensyn til råvannskilde med tilsigsområde i anleggsperioden for å hindre forurensing, jf. drikkevannsforskriften § 4 forbud mot å forurense drikkevann. Dersom det er privat vannkilder i planområdet, er det viktig at disse også blir tatt hensyn til. | Påverknad av drikkevasskjelder blir vurdert i den vidare planlegginga og i anleggsfasen. |
| **Fiskehelse/fiskevelferd**<br>I planprogrammet står det at det kan bli aktuelt å ta ut masse nedstrøms ved utløpet av Finna og Nugga, samt i utløpet til Finna, samt etablere flomvoller. Anleggsvirksomhet i vannkanten/i elven kan arbeidet føre til tilslamming av elvebunn i anleggsperioden. Anleggsperioden for dette arbeidet bør være på fastsatte tider av året for å unngå konflikt med gyting og oppvekst av yngel. Dersom anleggsmaskinene er blitt brukt i andre vassdrag er det viktig at disse er godt rengjort for å hindre spredning av sykdommer. | Behov for å ta ut masse i Ottaelva, og om det skal leggjast til rette for dette, blir vurdert i det vidare planarbeidet. Dersom dette blir aktuelt, må det utgreiast og det må innarbeidast planføresegner som tek i vare gyting på best mogleg måte. |
| **Planter** | |

| | |
|---|---|
| I lov om plantehelse er det krav til at det blir tatt hensyn til plantehelse og planteskadegjørere. I forbindelse med gravearbeid og flytting av masser må dette tas i betraktning for å sikre at smittsomme plantesykdommer ikke blir spredd, dette gjelder både via vann og jord, samt utstyr eller masser som har vært i kontakt med uønsket arter eller smittestoffer.<br><br>Vi ber om å bli orientert i det videre planarbeidet.<br><br><br><br>**Tilbakemelding vedrørende endret plangrense**<br>Vi viser til vår tidligere uttale datert 31.08.2023, vi har ingen ytterligere kommentarer til oppstartsvarsel og endringen av plangrensen. | Føresegner til planen som stiller krav til at arbeidet skal gjennomførast slik at ein førebyggjer overføring av kjent og ukjent smitte til jord og vatn vil vere aktuelt. Dette kan f.eks. vere krav til reingjering av anleggsutstyr.<br><br>Mattilsynet er høyringspart i den vidare planprosessen.<br><br>Blir teke til etterretning. |

## 1.8 NVE v/ Flaumsikringsprosjekt, e-post datert 01.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Som det framgår av henvendelsen fra vår konsulent, så tyder grunnundersøkelsene i Vågåvatnet på at man må justere retningen på tunellen noe i forhold til tidligere antagelser. Vårt innspill til planprosessen og høring av planprogrammet er derfor behovet for justering av plangrensen i tråd med kartutsnittet fra Multiconsult vedlagte e-posten under:<br><br>Etter at vi nylig har gjennomført grunnundersøkelser/seismikk ved Vågåvatn, ser vi at grunnforhold setter noen ytterligere rammer for plassering av en evt. flomtunnel/ utløp. Det er fremdeles usikkert hvor utløpet skal plasseres, men i et scenario der den må plasseres langt vest, kommer vi i konflikt med plangrensa om vi skal unngå store svinger i flomtunnelen. Det er utarbeidet en foreløpig skisse av planlagt flomtunnel (blå strek i skissen nedenfor) med utløpsplassering i vest. Basert på dette er det ønskelig å gi innspill til å utvide plangrensa, jamfør rød stiplet linje. Utvidet plangrense gjelder tunnel under bakken, og det er ikke planlagt terrenginngrep i dagen i det utvidete området. Dette er en grov skisse der det ikke er gjort vurderinger ift. eiendomsforhold. | Nyleg gjennomførte grunnundersøkingar utløyste behov for utviding av planområdet.<br><br>Med bakgrunn i merknaden vart planområdet utvida for å sikra tilstrekkeleg areal med omsyn til planlegging av flaumtunnel. Planområdet vart utvida med om lag 220 dekar, og samla planområde etter utviding er ca. 5897 dekar stort.<br><br>Varsel om endra plangrense vart annonsert i avisa GD, lagt ut på internettsida til kommunen og send ved brev datert 07.09.23. Frist for merknader og innspel til utvidinga av planområdet vart sett til 29.09.23. |




## 1.9 Olav Melhus, brev datert 06.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Ser av kart at planområdet kun dekker de midtre/nedre deler av Nugga. Betyr dette at en ikke har vurdert om en mindre regulering av Jett-tjønn kan ha effekt på flom i Nugga ved kortvarige sterkt regn. Selv om Nugga også har tilsig fra områder utenfor nedslagsområdet til Jett-tjønn vil jeg anta at avrenningen fra disse områdene har større forsinkelse. Som en del av denne vurderingen, ville det vel være interessant å vite om utløpet mot Dovre tåler mer enn Nugga ved styrtregn, samt om det ville være mulig å redusere tiltakene med flomvoller og kulverter under veier. | Fordrøyingstiltak er vurdert i samband med utgreiing av sikringstiltak. Fordrøyingseffekten har samanheng med kor mykje av det totale nedbørfeltet til Nugga som kjem frå område som drenerer til Jettjønn. Dette er noko bergrensa. Samtidig omfattar sikringsbehovet skredfare, og ikkje berre flomfare. |

## 1.10 Ruth Berg, Reidar Berg, Anne Silje Berg og Øyvind Sødal, brev datert 07.09.23

| Merknad | Vurderingar |
| --- | --- |
| Bebuarar i Vågåvegen 31 og 33 ønskjer å komme med innspel i samband med varsla oppstart av planarbeid.<br><br>Vidare arbeid med prosjektet bør ta omsyn til at forbygninga i Nugga har ein kulturhistorisk verdi. Den delen av tiltaket som går forbi våre eigedommar er antakeleg bygd tidleg på 40-talet , etter 1938-flaumen. Ei trapp i forbygninga (vestsida) om lag på høgde med Augustastugu er fortsatt synleg. Denne vart nytta til klesvask og vasshenting av bebuarane.<br><br>Ei avskjeringsgrøft parallelt med vestsida av forbygginga er bygd mykje seinare, for 10-15 år sidan. Frå gangbrua utanfor Ysteriet og ned til brua over Nugga (Vågåvegen). Utløpet er synleg i forbygginga. Avskjeringsgrøfta vart etablert for å førebygge problem med kjøving som førte til fortrenging av vatn i grunnen og vatn i kjellar på Nuggestugu og i ein kommunal brannkum. Tiltaket skal ha blitt nedteikna og arkivert hjå Vågå kommune/teknisk.<br><br>Det er ønskjeleg at planarbeidet held ope ein moglegheit til å etablere ein framtidig gangstig oppover langs Nugga, (austsida) opp til brua over Nugga ved vegen inn til Gardsøy. Dette er delvis ein eldre veg til Gardsøy og Nørdre Øy, og fine steinmurar er framleis synlege. Området har gode natur- og rekreasjonskvalitetar som etter vårt syn kan utviklast til eit godt nærmiljøtiltak. | Opplysninga om trappa i forbygginga blir teken til orientering. Det er kjent at flomforbygginga i planområdet har kulturhistorisk verdi. I planprogrammet er kulturminne og kulturlandskap angitt som eit utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Korleis kulturminna og kulturlandskapet blir påverka fysisk og visuelt av flaumsikringstiltaka blir såleis greidde ut. NVE har varsla rette myndigheit med tanke på dei kulturhistoriske verdiane og vil følgje opp dei krav som er knytt til forbygginga.<br><br>Opplysninga blir teke med i det vidare arbeidet med flaumsikringstiltaka og planarbeidet.<br><br>Turstigar er eit tema som vil bli vurdert nærare i samband med tema Folkehelse og friluftsliv, jf. planprogrammet. |

## 1.11 Brun Bygg, brev datert 07.09.23

| Merknad | Vurderingar |
| --- | --- |
| På vegne av Klonesodden AS vil vi komme med innspill på planområdet for flomsikring av Vågåmo. Vi mener eiendommen Klonesodden er et areal som burde vært innunder vurdert planområdet. Det av ulike grunner som vannføring, eventuelle endringer i elva ved flomsituasjoner samt endret vannføring i Vågåvatnet som følge av planlagt flomtunell. Eventuelle natur og miljøhensyn.<br><br>Slik avgrensinga er satt i dag virker denne som unaturlig med avgrensing midt i elva for å svinge inn igjen nedstrøms ved odden. Vi mener denne avgrensninga burde vært dratt helt over elva oppstrøms og ikke avgrenses midt i elva. | Planområdet er vurdert som tilstrekkeleg med omsyn til planlagde flomsikringstiltak. Det er ut frå dette ikkje behov for å utvide planområdet med bakgrunn i formålet med reguleringsplanarbeidet. Planområdet blir ikkje foreslått utvida til å omfatte Klonesodden. |

| | |
|---|---|
|     | Konsekvensar av ev. sikringstiltak er delvis utgreidd og vil bli vurdert i detalj i det vidare arbeidet. Ut frå NVE sine vurderingar er det førebels lite som tyder på at sikringstiltak vil ha nokon vesentleg negativ effekt på vannstanden i Vågåvatnet. |

## 1.12 Astrid Sørbu Mølmen, brev datert 11.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Min eiendom Øvre Nordheradsvegen 186 ligger innenfor planområdet. Endringen er antatt begrunnet i en endring av traseen for en flomtunnel fra Finna til Vågåvatnet. Tunnelen vil da komme rett under min eiendom. Konsekvensen er at tunnelen vil drenere grunnen under min eiendom.<br><br>Siden 1984 har jeg hatt en grunnvannsbrønn for forsyning av drikkevann. Brønnen er ca. 140 m dyp. Den har marginal gitt nok drikkevann i de 40 årene jeg har bodd her. En liten endring i grunnvannsspeilet kan derfor tørrlegge denne brønnen.<br><br>Jeg forutsetter derfor at kommunen vil bekoste kommunalt drikkevann fram til eiendommen om brønnen blir ubrukelig etter bygging av en flomtunnel. Jeg forventer at framtidig drikkevannsforsyning blir sikret uten kostnader for meg. | Det er framleis uvisst kvar tunnelutløpet skal plasserast, men utvidinga av planområdet vil sikra eit tilstrekkeleg areal med omsyn til plassering av ein eventuell flaumtunnel.<br><br>Dersom det viser seg mogleg å gå vidare med flaumtunnel som sikringstiltak, må konsekvensar for vasskjelder bli utgreidd. Opplysninga blir teken med i det vidare arbeidet med flaumsikringstiltaka og planarbeidet.<br><br>Forholdet til privat vassforsyning er omtalt i planprogrammet kap 4.1.2 der det m.a. går fram at at dersom dagens kjelder blir påverka, må desse erstattast. Planprogrammet blir supplert slik at det går fram at alternative løysingar for vassforsyning må utgreiast dersom dagens løysingar blir ramma. |

## 1.13 NVE, brev datert 12.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| NVE har gjennomført ei moglegheitsstudie for heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaumskred og flaumhendingar. Planarbeidet er utløyst av behovet for nødvendig planavklaring for gjennomføring av skisserte sikringstiltak. Moglegheitsstudien ligg til grunn for vidare prosjekterings- og reguleringsplanarbeid.<br><br>Kommunen skriv at områdereguleringsplanen skal ha eit detaljeringsnivå for sikringstiltak for flaum og skred som direkte heimlar byggeløyve og gjennomføring av tiltak utan krav om detaljregulering. For andre område kan det vere nødvendig å setje krav om detaljregulering. Vi merker oss at det i kapitelet om samfunnsikkerheit er omtalt ROS-analysen vil ta omsyn til at delar av planlagde tiltak skal gå direkte til byggesak og ikkje vere gjenstand for etterfølgande detaljregulering. Vi syner i den samanheng til at fare skal vere utgreia på siste plannivå, jf. rundskriv 5/18 om samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.<br><br>NVE har ingen ytterlegare merknadar til planprogrammet.<br><br>**Generelle råd**<br>For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til Kartbasert rettleiar for reguleringsplan. Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.<br><br>**NVE si oppfølging av planarbeidet**<br>I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. | Merknaden blir teken til etterretning. |

## 1.14 Innlandet fylkeskommune v/Samfunnsutvikling, brev datert 12.09.23 og 26.09.23

| Merknad | Vurderingar |
|---|---|
| Vi viser til oversendelse datert 29.06., med svarfrist 08.09.2023. Saken omhandler varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram for Områderegulering Vågåmo, Vågå kommune.<br><br>Vågåmo tettsted og kommunesenter ligger utsatt til for flom og flomskred. Med bakgrunn i dette har NVE gjennomført en mulighetsstudie med tanke på helhetlig sikring av Vågåmo mot flomhendelser i elvene Otta, Finna og Nugga. Planarbeidet er utløst av behovet for nødvendig planavklaring for gjennomføring av skisserte flomsikringstiltak. Mulighetsstudien ligger til grunn for prosjekterings- og reguleringsplanarbeidet.<br><br>**Plan- og miljømessige forhold**<br>*Vassdrag* | |
| Fylkeskommunen minner om at de regionale vannforvaltningsplanene ble revidert i 2022. Planområdet til reguleringsplan for Vågåmo i Vågå kommune ligger innenfor Innlandet og Viken vannregion, og Regional plan for vannforvaltning for vannregion Innlandet og Viken 2022 – 2027 skal legges til grunn i planen. | Med bakgrunn i merknaden blir det innarbeidd *Regional plan for vassforvaltning for vassregion Innlandet og Viken 2022-2027* i planprogrammet punkt 2.2 Regionale føringar. |
| Flomproblematikk og vurdering av tiltak nevnes som viktige tema i forbindelse med planarbeidet. Dersom eventuelle tiltak vil berøre vassdrag eller vassdragets utløp må planen redegjøre for hvilke fysiske tiltak det vil bli behov for å gjøre. Slike tiltak må både i anleggsfasen og driftsfasen planlegges slik at de ivaretar fisk og øvrig vassdragsmiljø, og det må knyttes avbøtende bestemmelser til som sikrer dette (eks. gjennomføringstidspunkt, utforming av kryssing, ivaretagelse av fiskens vandring, kantvegetasjon etc). Tiltak i vassdrag som ikke skal behandles etter vannressursloven skal i utgangspunktet behandles av fylkeskommunen etter lakse- og innlandsfiskeloven, og fjerning av kantvegetasjon behandles av statsforvalteren etter vannressurslovens §11. Optimalt sett bør planen inneholde planbestemmelser som i tilstrekkelig grad sikrer vassdragsmiljøet, dersom dette er innarbeidet kan man kan slippe en behandling etter særlovverket i etterkant av vedtatt plan. Dette vurderes når planen kommer på høring, og tiltak i vassdrag må derav beskrives i en slik grad at det er mulig å vurdere om planen kan erstatte særlovsbehandling i etterkant eller ikke. | Det vil vera aktuelt med føresegner som tek vare på fisk og anna vassdragsmiljø på best mogleg måte. Tiltaka blir beskrivne i ein slik grad at det er mogleg å vurdera<br>om planen kan erstatta særlovsbehandling i etterkant. Merknaden blir teken med vidare til det vidare planarbeidet. Tiltaka vil bli behandla etter vannressursloven sine bestemmelser. |
| Reguleringsplanen påvirker tre ulike vassdrag: Finna, Nugga og Otta, der Finna er et verna vassdrag. Disse tre er fiskeførende. I tillegg renner det flere mindre bekker gjennom området. Det er viktig å sikre gode kantsoner ned til alle vassdrag. Kantsoner er viktige for vannmiljøet ettersom de er med på å regulere temperatur, skaper skjul for vannlevende organismer og minsker avrenning fra landbruk og infrastruktur til vassdraget. En god, funksjonell kantsone skal aller helst bestå av flersjiktet, stedegen | Merknad med omsyn til varetaking av kantsone blir teken med i det vidare arbeidet. |

| | |
|---|---|
| kantvegetasjon med godt etablerte rotsystemer (som for eksempel løvtrær). Kantsoner kan for eksempel ivaretas ved å opprette hensynssoner for naturmiljø ned mot vassdrag innenfor reguleringsgrensa, eller i en planbestemmelse med konkrete mål på hvor mye kantsone som skal avsettes ned mot vassdrag. | |
